

Ikenberget 2 Fellesareal
 (Org. nr. 990 862 788, gnr. 137, bnr. 659 i Lindås kommune)
 v/leiar Øystein Rambjørg
 Brørakastet 63 A
 5911 ALVERSUND

Alver 20.05.2015

Lindås kommune, Areal- og miljøeininga
 Byggjesak og oppmåling v/tilsynsleiar byggjesak
 Kvernhusmyrane 20
 5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
26. 05. 2015	
15/1474	Løpnr.
Saksn.	Tilgangskode

Dykkar ref.: 15/1474 – 15/9532

Vedrørende ferdigattest for fleirbustad på gnr. 137, bnr. 659.

Me syner til Dykkar svarbrev datert 26.04.2015.

Styret har framleis leita etter dei fleirbustadene, som kommunen framleis så bestemt meiner skal eksistera på fellesarealet vårt. Me kan jo ikkje vera så dårlege til å leita. Byggverka må jo eksistere sidan kommunen etter synfaring sommaren 2013 og i det motteke svarbrevet framleis meiner at ferdigattesten er rett utstedt, samt at den no og gjeld for fleire fleirbustader på fellesarealet.

Sidan me framleis ikkje har funne nokon fleirbustader inne på fellesarealet, så ber me på ny om at kommunen snarast syner oss kor hen desse byggverka er, slik at vi kan få starte med forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av dei. Som eigedomseigar er det m.a. vår plikt å halde byggverka på eigedomen i forsvarleg stand.

Dersom ikkje kommunen kan syna/finne desse byggverka for oss innan rimeleg tid og seinast innan **15. juni 2015**, så forventar sameiget at Lindås kommune stadfestar at fleirbustadene på fellesarealet på gnr. 137 bnr. 659 ikkje eksisterer. Om kommunen stadfestar at byggverka ikkje eksisterer, så bes det og om at kommunen på bakgrunn av det, samt feil i kontrollerklæringane frå dei kontrollerande føretaka for utføringa av tiltaket, omgåande trekkjer attende ferdigattesten av 27.03.08, som kommunen har gjeve for fleirbustad på eigedomen tilhøyrande fellesarealet.

Kommunen syner også i sitt svarbrev til at ferdigattesten gjeld bygg i eit område som har fleire bustader. Denne forståinga deler ikkje me. Dei fleirbustadene, som kommunen her viser til, er oppført på utskilde eigedomar frå eigedomen som fellesarealet tilhøyrer. Desse vart oppført samstundes som fellesarealet vart opparbeida, og etter det me er kjent med, så har desse fleirbustadene fått utstedt egne bruksløyve/ferdigattestar. Ferdigattesten i saka på fellesarealet er derfor desse bygga uvedkomande.

Sameiget ber om snarleg handsaming av saka og at kommunen tek kontakt med leiar for å avtale tid for ei eventuell synfaring.

Med venleg helsing

Øystein Rambjørg
 Øystein Rambjørg
 Leiar

Arvid Johannesen
 Arvid Johannesen
 Styremedlem

Kopi:

Ordføraren i Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Avisa Strilen, Postboks 3, 5902 ISDALSTØ

Avisa Nordhordland, Kvernhusmyrane 29, 5914 ISDALSTØ